

## Skrivekonkurranse for kvinner

Kvinneliv er eit satsingsområde i Norges Bygdekvinneforbund, og det er viktig å bevare minne frå kvinners arbeids- og daglegliv. Derfor inviterer prosjektet Bygdekvinneforbundet å åpne bygda, i samarbeid med Arbeidsarven, til skrivekonkurransen Kvinner møter kvinner. Det er den tredje skrivekonkurransen Bygdekvinneforbundet arrangerer. Dei to føregåande var Minner fra kvinners arbeidsliv i Norge og Kvinne - og «ny» i Norge. Kvinner blir oppfordra til å inspirere kvarandre og tilflyttar- og innvandrar kvinner til

å ta pennen fatt for å fortelje om møte med andre kvinner og kultur. Forteljningane kan vere frå arbeids-, dagleg- og organisasjonsliv i Noreg, og kan vere på enten norsk eller engelsk. Premien er ei reise og deltaking på eit seminar i regi av Bygdekvinneforbundet, fristen er 15. oktober.



## – Bør diskutere kommunesamanslåing

– Det er eit sterkt press frå sentralt hald for å få til kommunesamanslåing. Venstres er for, men skal eg seie ja så må det løse seg. Men det bør diskuteres.

Marta Kjøllestad

Det ser ut til at og venstresen Olav Kasland i Sjølv er Kasland for kommunesamanslåing, det er også partiet sitt standpunkt, men har det eit par årsverk i kommunen?

– Det må gjere lokaldemokratiet sterkere og det må løse seg økonomisk, meiner Kasland.

– Kasland kan ein større kommune gjere lokaldemokratiet sterkere?

– Vid å flytte ut fleire stadlege institusjonar. I dag er 40 prosent av offentleg tenesteyting kommunal. Resten er fylkeskommunal eller statleg. Eg vil helst at 50 prosent, gjerne 60 prosent av tenestene skal vere kommunale, seier Kasland.

Han meiner at det fører til at tenestene blir utforma der folk brukar dei, ikkje av folk i Oslo. Lokaldemokratiet i seg sjølv kan fungere like godt i ein liten som i ein stor kommune, meiner ordføreren. Men det små kan ikkje ta på seg like store oppgaver som dei store. Eit eksempel meiner han er samsamlingsreforma. Det er ei reform som han ønskjer, men han meiner den er kraftig underfinansiert. Eit anna eksempel er at behov for auka ressursar

til for brukarar av kommunale tenester i år kostar tre millionar kroner.

– Det er det vanskeleg å handtere i Bø. I ein større kommune med ein større økonomi er det enklare, meiner Kasland.

Open for ulike alternativ

– Om Bø skal vere del av ein større kommune, kjerfela skal den vere dit, Midt-Telemark eller bør ein også ta med for eksempel Norddalen?

– Eg er open for alle initiativ. Det må me ta opp til grundig debatt. Men for at me skal realiserast det må det ligge inne ein økonomisk gevinst. Å slå saman tre fattige kommunar i Midt-Telemark for eksempel, blir ingen rikare av. Målet er å gje betre tenester og me må få ein betre økonomisk situasjon, elles er det uaktuelt. Den økonomiske forbetringa må også vere over tid, ikkje berre vere ei pulst, understrekar Kasland.

Motargument

Argument mot samanslåing meiner Kasland er at tilleggsgehegheit til politikarane blir dårlegare og ein kan få meir byråkratisering.

– Men eg er også redd at staten skal tru at den kan effektivisere ved å slå saman kommunar. Då kan han berre gløyme det, understrekar Kasland.

– Samanslåing kontra samarbeid som det i Midt-Telemark?

– Reint demokratisk meiner eg at ein telles kommune er betre. Men det er eit trinn på vegen og



det er betre enn å gjere ting åleine. Det er nest best, meiner Kasland.

– Mange viser til det som er

gjort i Finland og Danmark, derfor er det lurt å diskutere kommunesamanslåing før saka kjem på dei offisielle sakskarta, Noreg

forandrar seg. Me hadde mange fleire kommunar rett etter krigen, eg har ikkje høyr nokon som vil tilbake til det, påpeikar Kasland.

Kvar går vegen? Ordførar Olav Kasland er i utgangspunktet positiv til kommunesamanslåing, men han vil ikkje seie kvar grensene for ein større kommune bør gå, om han meiner heile eller deler av Midt-Telemark er stort nok.

## Positive Bø-politikarar

Ønskjer debatt. Ordførar i Bø, Olav Kasland, oppfordra i førre Bø blad til ein debatt om kommunesamanslåing.

Faksimile

# Seljordordførarar ønskjer debatt

To av tre naboordførarar kan tenkje seg å diskutere kommunesamanslåing, men Sauherad-ordføraren er avvisande.

Marta Kjøllestad

marta@bobald.no – tlf 976 88 692

I førre veke sa ordførar Olav Kasland at han meiner ein bør diskutere kommunesamanslåing. Det er eit press mot det frå sen-

tralt hald og det er viktig å ha tenkt gjennom saka før ho kjem i formelle organ. Sjølv er Kasland positiv om ein kan hente ut økonomiske og demokratiske fordelar.

Trur debatten kjem

– Eg trur større og meir robuste kommunar er vegen å gå.

Det seier ordførar i Seljord, Solveig Sundbø Abrahamsen (H).

Ho understrekar at debatten må kome nedanfrå og at det må vere nokre gulrøter å hente, det må lønne seg.

– Eg trur me må bli større for å klare konkurransen om folk og kompetanse, og eg helsar debatten velkomen, seier Sundbø Abrahamsen.

– Det er ikkje eit problem at det er Midt-Telemark som ser most, og at Seljord heller vil sjå mot Vest-Telemark?

– Nei. Eg tykkjer me må sjå vidare. Det er folk i Seljord som har ytra ønskje om at me må samarbeide meir med Bø. Me ser ikkje berre vestover, seier ho.

Seljordordføraren meiner det ikkje har vore så stor interesse for å diskutere kommunesamanslåing i Vest-Telemark som i midtre deler av fylket og at ein derfor ikkje er komne så langt. Men ho håpar at debatten som er i gang i midt fylket også skal kome vestover.

Nei i Sauherad

– Det er gjerne dei som trur dei har mest fordelar av det som er

positive til kommunesamanslåing, seier Hans Sundsvalen (Ap), ordførar i Sauherad.

– Ein kan ikkje slå saman to ting som går dårleg og tru at det skal gå betre, meiner Sundsvalen.

Skal det vere aktuelt med kommunesamanslåing må det skje noko med fylkeskommunen, meiner Sundsvalen, og då må ein sjå på større kommunar. Då vil vidaregåande skular og vegar som ikkje er riksveggar bli kommunalt ansvar.

– Kommunar med 8-10.000 innbyggjarar slit, det gjer dei med 50-60.000 òg, seier Sundsvalen.

Sauheradordføraren ser ikkje på Midt-Telemarksamarbeidet verken som eit skritt på veg mot samanslåing eller ein skanse for å hindre samanslåing.

– Enkelte fagmiljø kan trekkje vekslar på kvarandre. Samarbeidet blir ofte tillagt større vekt enn det har når ein ser på pengebruken, meiner Sundsvalen.

Han peikar på at dei samanslegne einingane står for 38 millionar kroner i budsjett til saman, medan dei tre kommunane til

saman har budsjett på over ein milliard.

Grenland viktig

– Eg tykkjer debatten kjem i eit nytt perspektiv om kommunane i Grenland slår seg saman, seier Bjørg Tveito Lundefaret (Ap), ordførar i Nome.

Ho peikar på at Nome nok er meir delt i spørsmålet enn Bø. I Nome er det to bygder som ser litt ulikt på det.

– Det er nok fornuftig, men eg trur ikkje me er mogne for det. Me veit betre enn dei fleste kva det inneberer og det er ikkje sikkert me er klare for neste runde, påpeikar ho.

Tveito Lundefaret tykkjer det vil vere trist om Ulefoss i ei eventuell samanslåing hamnar saman med Skien. Ho trur heller ikkje staden vil tene på det. Men skal ein diskutere samanslåing trur Nome-ordføraren at Midt-Telemark er det mest naturlege.

– Det er ein spennande debatt, med mange feller, meiner ho.

## Grivimoen Miljøstasjon i Bø kommune Åpent mandag – lørdag

Ring oss før du kommer! Kontakt oss når som helst og avtal tidspunkt for levering.

Både privat- og næringskunder kan levere avfall hos oss. Du betalar for hvor mye du leverer, minstesats ved små leveranser er kr. 250,- inkl. mva. Se vår pris- informasjonsfolder for mer informasjon.



Forbehold om endringer

Sorteringsanlegg: Sandavegen 10  
Telefon: 4737 6800  
E-post: kundeservice@eiendomsdrift.no

BØ MILJØSTASJON SA  
www.bomiljostasjon.no